



Humlepungen bryggjarlag har vore på sin andre studietur. For to år sidan gjekk turen til London. For ei veke sidan kom dei heim frå ein vellukka tur til Praha og bryggjarbyen Pilsen.

Tjekkisk øl (pivo) er vide kjend og det er allmenn semje om at dei beste pilstypene vert produsert nær urkjelda,- byen Plzen (på tysk Pilsen)

Ølet er klart og gyllent med ein markert smak av humle. Det er laga etter lagermetoden, toppgjæra og sakte moge med låg temperatur.

Tjekkia har stor eksport av humle,- også til Noreg.

Byen Pilsen ligg åtte mil sør for Praha. Humlepungen bryggjarlag hadde guide med på turen og fekk ei framifrå mottaking og omvisning i bryggeriet.

Særleg interessant var turen ned i lagerhallane og smaksprøve tappa direkte frå store ølfat.

For uskedelingane var det sjølsagt stort å få sjå bøkkerverkstaden der små og store øltønner vart laga.

Det mest kjende ølet frå Pilsen har namnet Pilsner Urquell

Byggjarlaget frå bygda smaka på åtte ulike øltypar. Nokre av desse vart laga i bakgården på gamle ølstover (kneiper)

Budweiser Budvar er eit anna kjend øl. Det er litt søtare.

Ein halvliter øl i Praha kostar i underkant av 10 kroner.

Kelnaren serverer deg øl ved bordet og skriv opp alt du drikk på ein liten lapp,- ein slags rekning som ligg på bordet ditt der det vert kryssa av for kvart glas.

På nokre pubar må du klart sei nei til meir servering. Om ikkje kjem det øl på bordet utan du har tinga det.

Vanleg styrkegrad på tjekkisk øl er i overkant av fire volumprosent.

Synleg på etiketten er 10 eller 12 prosent som seier noko om sukkerinnhaldet. Mange trur at dette er alkoholstyrken,- ei vanleg mistyding.

Av alle øltypane fekk Humlepungen bryggjarlag det beste ølet i eit kloster nær Prahaborga. Tenk det du !

Kristian Bringedal

